

Fitjar kommune



Foto: Midtfjellet Vindkraft AS

Planprogram

Kommuneplanen sin samfunnsdel
2020 – 2040

**Innhald**

Føremålet med kommuneplanen sin samfunnsdel	3
Nasjonale forventningar	5
Innleiing.....	6
1. Kommuneplan og planprogram	7
1.1 Kommuneplan	7
1.2 Planprogram og planstrategi.....	8
2 Aktiv medverknad i høyringsprosessen til planprogrammet	9
2.1 Internasjonale, nasjonale og regionale føringar	10
2.2 Interkommunalt samarbeid	12
2.3 Grunnleggjande prinsipp.....	14
3 Planprosessen – framdrift og medverknad.....	15
3.1 Høyring	15
3.2 Framdrift.....	15
3.3 Medverknad	17
4 Framtida og retninga vi vil utvikla oss i	19
4.1 Overordna visjon	19
4.2 Hovudtema	20
4.3 Innhald i dei enkelte hovudtema	20
5 Plan- og utgreiingsbehov	26
5.1 Vurdering i gjeldande planstrategi.....	26
6 Vedlegg	28
6.1 Lenker.....	28
6.2 Fitjar kommune – sentrale planar	28
6.3 Referat medverknadsprosess.....	28
6.4 Regionale planar.....	28
6.4 Andre dokument	29



Føremålet med komonneplanen sin samfunnsdel

Føremålet med planarbeidet er å ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Planen skal leggjast til grunn for kommunen sitt eige arbeid, og for staten og regionale myndigheter sine gjeremål i kommunen.

Samfunnssdelen skal vere grunnlag for sektorane sine planar og gjeremål i kommunen og gje retningsliner for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunale oppgåver og ved medverknad frå andre offentlege organ, og private.

Skal samfunnssdelen i komonneplanen ha nokon funksjon, må den gje grunnlag for konkrete prioriteringar, og bidra til betre heilskaplege løysingar og meir føreseielege rammevilkår både for sektorane sitt arbeid og for befolkninga. Samfunnssdelen skal også gje grunnlaget for prioriteringar i arealdelen.

Planprogrammet skal innehalde følgjande hovudpunkt:

- Føremål med planarbeidet
- Behov for utgreiingar
- Planprosess med fristar og deltararar
- Opplegg for medverknad

For alle regionale planer og komonneplanar, og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltararar, opplegg for medverknad, spesielt i forhold til grupper som ein trur vert særleg råka, kva alternativ som vil verte vurdert og behovet for utgreiingar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn normalt samstundes med varsling av planoppstart, jf. plan- og bygningslova § 4-1.


Verknad av komonneplanen sin samfunnsdel/handlingsdelen skal gje grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver og konkretisere tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer.





FITJAR

Korleis planprogrammet og kommuneplanen skal utarbeidast og kva den skal innehalde er nærmare bestemt i Plan- og bygningslova § 11-2. Under følgjer ein illustrasjon av samanhengane i plansystemet.



Kommuneplanen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdelen til kommuneplanen vart vedtek i 2012.

Fitjar kommune skal i løpet av 2019 utarbeida ny samfunnsdel til kommuneplanen. Planarbeidet har utgangspunkt i den kommunale planstrategien som vart vedteke av kommunestyret den 17.10.18.

Vårt planprogram er avgrensa til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2020-2040 .



Foto: Toralv Brekke



Nasjonale forventningar

Det er varsle nye «Nasjonale forventningar til regional og lokal planlegging» våren 2019. Dersom dei kjem før kommunestyret si handsaming av planprogrammet, vil vi endra dette punktet i planprogrammet.

I medhald av plan- og bygningslova § 6 – 1 fastsette regjeringa eit forventningsdokument for planlegging i kommunane i juni 2015. Dei nasjonale forventningane peiker på oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at kommunane fokuserer på i nye planar. Målet er å sikre gjennomføringa av gjeldande nasjonal politikk. Forventningane er retningsgjevande og ikkje bestemmande, ved utarbeiding av kommunale planar. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2015) legg følgjande føringar for planarbeid i kommunane:

- **Gode og effektive planprosessar**
 - Enklare regelverk og betre samarbeid
 - Målretta planlegging
 - Auka bruk av IKT i planlegginga
- **Berekraftig areal- og samfunnsutvikling**
 - Eit klimavennleg og sikkert samfunn
 - Aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar
 - Framtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse
- **Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde**
 - Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
 - Eit framtidsretta og miljøvennleg miljøsystem
 - Levande by- og tettstadssenter
 - Helse og trivsel





Kommunen skal følgje opp dei forventningane som går fram av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt rundskriv H-5/18 *Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel*. Kommunen skal i følgje forskrift om kommunal beredskapsplikt § 1, jobbe systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeidet på tvers av sektorar i kommunen.

Målet er å redusere risiko for tap av liv eller skade på helse, miljø og materielle verdiar. Det er vidare krav til at kommunen utarbeider ein heilskapleg ROS-analyse som skal gje grunnlag for kommunen sine langsigtige mål, strategiar, prioriteringar og planar for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, jf. sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 og § 3. Kommunane Fitjar og Stord utarbeida i 2014 felles ROS analyse.

Innleiing

Her følger eit *framlegg* til planprogram i 6 kapittel.

Med tanke på å gjere lesinga så forståeleg som mogleg tar **kapittel 1** for seg nokre sentrale omgrep som planprogram, kommuneplan, samfunnsdel og arealdel.

Kapittel 2 tar for seg nokre av dei viktigaste *føringane* som kommunen skal ta omsyn til, internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt. Her definerer òg nokre *grunnleggjande prinsipp* som skal gjelde for alt planarbeid i Fitjar.

I **kapittel 3** står det om prosessen, både med tanke på *framdrift*, og korleis kommunen ønsker å sikre *medverknad* og involvere lokalsamfunnet.

Kapittel 4 skisserer kva overordna plantema som blir dei viktigaste å arbeide med framover, *hovudtema*. Når arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel ta til, vil tematikken i planprogrammet vere førande.

Basert på gjeldande planstrategi, er det i **kapittel 5** lista opp kva planar kommunen har behov for i denne perioden. Her vil det òg etter kvart stå behov for eventuelle nye utgreiingar og planar, etter kvart som hovudtema blir bestemt.

Kapittel 6 er ei referering til nokre sentrale og relevante planar (lokale, regionale, nasjonale), forventingar, rammer med meir.




Foto: Mette Fitjar/Larsen Eigedom AS

1. Kommuneplan og planprogram

«Planleggingen skal stimulere og samordne den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale, kulturelle og estetiske utviklingen i kommunen og sikre befolkningen muligheter for påvirkning av kommunens utvikling»

(Miljøverndepartementet 2009: 78)



1.1 Kommuneplan

Ein **KOMMUNEPLAN** er den viktigaste planen for heile kommunen.

Det er lovpålagt i Plan- og bygningslova (PBL) at alle kommunar skal ha ein kommuneplan.

Kommuneplanen består av to delar:

- Ein **samfunnsdel** (KPS)
- Ein **arealdel** (KPA)



Desse er såkalla overordna dokument som skal omfatte og koordinere kommunen sine mest vesentlege målsettingar og oppgåver. Ein skal ha fokus på både kommunen som organisasjon og som samfunn. Kommuneplanen skal og ha ein handlingsdel.

1.1.1 Kommuneplanens samfunnsdel – KPS

Samfunnsdelen er eit verktøy for kommune si heilskaplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar, og den heilskaplege utviklinga av lokalsamfunnet. KPS skal ta stilling til langsigtige utfordringar, mål og strategiar (PBL §11 – 2).

1.1.2 Kommuneplanens arealdel – KPA

Arealdelen er ein arealplan for heile kommunen og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. KPA omfattar plankart, føresegner og planskildringar (PBL § 11 – 5) . Fitjar kommune har arealdel vedtatt i 2012, gjeldande for perioden 2011 – 2022. Den skal ikke reviderast no.

Etter at arealdelen vart vedtatt i 2012, har vi sett behov for å gjera ein del oppdaterte vurderinger. Vi vil i kommuneplanen sin samfunnsdel vurdere om det er behov for oppdatert omtale av nokre tema som: næringsareal , bustadområde, akvakultur, småbåthamner/fellesanlegg i sjø, offentleg og privat tenesteyting, jordvern- og strandsona, handtering av overskotsmassar mm.– og kva utfordringar og problemstillingar som følgjer desse områda.

1.1.3 Kommuneplanar, temoplanar og rettleiarar

I tillegg kan kommunen lage ei rekke **kommune – delplanar (KDP)** for enkeltområde og tema. Fitjar kommune har ei rekke komunedelplanar, til dømes innan oppvekst og helse.

For nokre tema kan kommunen utarbeide såkalla **temoplanar** t.d Skulebruksplanen og **rettleiarar**.

1.1.4 Handlingsdel

Planar er til for å realiserast. Difor skal alle kommuneplanar, og delplanar, ha ein **handlingsdel**. I denne skal dei konkrete tiltaka for å gjennomføre planen, stå. For kommuneplanen sin del, skal handlingsplanen sjåast i samanheng med samfunnsdelen (PBL § 11 – 1). I praksis kan handlingsdelen vere budsjettplanen som skal rullerast kvart år. Fitjar kommune er i ferd med å styrka samanhengen i plansystemet (jfr illustrasjon s.7)

Sjå elles Plan og bygningslova (PBL) kapittel 11 for kva som er lovfesta om kommuneplanlegging.

1.2 Planprogram og planstrategi

1.2.1 Planstrategi

Kvart fjerde år skal kommunestyret vedta ein planstrategi. Planstrategien til Fitjar kommune blei vedteken i 2018 og skal reviderast i 2020.

Det er gjennom planstrategien at kommunestyret har bestemt kva for planar ein har behov for dei neste fire åra (valperioden) . Det er her det er vedtatt at Kommuneplanen sin samfunnsdel , som sist blei vedteken i 1999 , treng ei fornying.

Det er ei revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel dette framlegget for planprogrammet gjeld for.

1.2.2 Planprogram

For alle kommunale planar som får store konsekvensar for miljø og samfunn, skal det lagast eit **planprogram**. Dette dokumentet du les i no, er eit planprogram for Fitjar kommune si revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) , og er ei slags «oppskrift» for arbeidet med planen.



I PBL § 4-1 er det lovfesta kva eit planprogram skal innehalde. Mellom anna skal planprogrammet beskrive:

- Formålet med planen
 - ProsesSEN med fristar og deltagarar
 - Opplegg for medverknad og involvering
 - Evt behov for utgreiingar

Det er kommunestyret som vedtek planprogrammet.

Eit planprogram blir sendt ut på høyring i minimum 6 veker, slik at alle kan uttale seg.

Fitjar kommune sin KPA blei vedteken i 2012 og skal i denne omgang ikkje reviderast. Difor vil dette planprogrammet gjelde for KPS.

2 Aktiv medverknad i høyringsprosessen til planprogrammet

Dette dokumentet er eit framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, og skal på høyring. Fitjar kommune legg opp til at høyringsprosessen er ein aktiv medverknadsprosess, og vil leggja til rette for innbyggjardialog gjennom folkemøte, møte med dei politiske utvala, og eit innbyggjarpanel der både organisasjons- og næringslivet er representert. Slik sett er planprogrammet ope for endringar.

Vi har i høyringsprosessen gjennomført følgjande :

- 4 møter i tverrfagleg administrativ arbeidsgruppe, som ordførar tiltrer.
 - Møte med innbyggjarpanelet 19.2.19. Referat ligg på kommunen sine heimesider og vedlagt.
 - Folkemøte 06.03.19. Referat ligg på kommunen sine heimesider og følgjer vedlagt. Her fekk innbyggjarane komme med kva ordet «Fitjar» betyr for dei.



- Møte i regional planforum 26.03.19



- Møte med eldrerådet og rådet for funksjonshemma 11.02.2019 og vi har invitert oss til ungdomsrådet men møte er ikkje gjennomført. Høyringsuttalar har kome inn frå to utval.
- Munnleg orientering til kommunestyret om planprogrammet 22.2.19
- Lagt avtalar om møtestadar ute i lokalsamfunnet for medverknadsprosessen i sjølve KPS
- Formannskapet har gjeve høyringsuttale til Bømlo sin kommuneplan (KPS)

Det har kome inn 11 høyringsuttalar til planprogrammet, som har vorte vurdert og planprogrammet har vorte endra på ein del punkt. Referat frå innbyggjarpanel og folkemøtet ligg som vedlegg til planprogrammet.

Det er til slutt kommunestyret som gjer endeleg vedtak i april 2019.

2.1 Internasjonale, nasjonale og regionale føringar

Det som ikkje kan endrast på gjennom kommuneplanen, og som Fitjar kommune skal halde seg til, er ei rekke internasjonale, nasjonale og regionale avtalar og planar. Til desse er det òg ofte utarbeida *planretningslinjer* og *forventningar*, og alt dette legg føringar for kommunane. Fitjar kommune skal samordne og implementere nasjonale og regionale mål i sitt planarbeid. Konkrete målsettingar og nytte skal drøftast og vurderast, men vil òg påverke kva *hovudtema* ein skal prioritere i kommuneplanen.

Blant dei mest sentrale nasjonale og regionale måla er:

- a) Gode og effektive planprosessar med tydelege mål
- b) Krav om samhandling på tvers av sektorar
- c) Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- d) Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde
- e) Demokratisk medverknad og inkluderande samfunn
- f) Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

2.1.1 Særskilde regionale planar og målsettingar:

Regional planstrategi for Hordaland 2016 – 2020 har følgjande langsiktige mål for at Hordaland skal vere eit berekraftig, attraktivt og nyskapande fylke:

- Høg sysselsetting
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk region

Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 har ein langsiktig visjon:

«Saman om verdiskaping i ein av Europas innovative regionar!»

Målsettingane er:

- Fleire innovative næringsmiljø
- Fleire gründerar som etablerer berekraftige verksemder
- Fleire innovative verksemder



Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 har visjon «Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet». For å jobba mot visjonen er målsettingane for å redusere klimagassutslepp:

- Effektivisere energibruk
- Bruk av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfold
- Tilpassing til klimaendringar basert på «føre-var» prinsippet, grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve

Sjå elles kapittel 6 Vedlegg, for oversikt over nokre sentrale planar og førande dokument.

2.1.2 FNs berekraftsmål og kommuneplanen

FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kamp mot ulikskap og for å stoppe klimaendringene innan 2030.

FNs berekraftsmål gjeld for alle land, og alle menneske. Dei peikar på demokrati, godt styresett og ein rettskultur som er avgjerande for berekraftig utvikling. Måla tek sikte på å realisere menneskerettane for alle.

Den globale dimensjonen legg ein viktig føresetnad for arbeid med kommuneplanane.



Kommunane har ansvar for mange oppgåver som bidreg til berekraftig utvikling, og som er sentrale i FN sine berekraftsmål. Kommunane levere helsetenester, utdanning, bustadpolitikk, infrastruktur, rent vatn, renovasjon og kommunale innkjøp. Ein forvaltar areal, bustad og formålsbygg, sikrar balansen mellom urbane og grøne areal, og iverksett tiltak for å redusere klimapåverknad.

For Fitjar kommune vil det vere fleire av FNs berekraftsmål som me vil ha fokus på, blant anna god helse, god utdanning, innovasjon og infrastruktur og berekraftige byer og samfunn. I KPS vil kvart



hovudtema synleggjere kva for berekraftsmål ein har fokus på, og kva for tiltak som vil vere aktuelle for å stette måla.

2.2 Interkommunalt samarbeid

Utvikling av ein kommune i Sunnhordland, verkar inn på utviklinga i nabokommunane.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes er ein sentral regional utviklingsaktør som skal驱a aktiv påverknad for å sikra regionen og den einskilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål.

Samarbeidsrådet har desse innsatsområda for samarbeid:

- Regional utvikling
- Infrastruktur
- Næringsutvikling
- Bulyst
- Strategiske alliansar
- Kompetanse
- Reiseliv

Kommunane i Sunnhordland har over lang tid hatt eit godt samarbeid. Ferjefri veg til Bergen (Hordfast) opnar for sterkt utvikling i regionen, samstundes som det påverkar Sunnhordland sin posisjon som ein samla region. Konkurransen frå større kommunar andre stadar i fylket blir hardare, og samanslåinga mellom fylkeskommunane og fylkesmannsembata i Hordaland og Sogn og Fjordane kan svekka Sunnhordland sin posisjon. Denne utviklinga må me møta med eit enda tettare samarbeid om felles saker, både mellom einskildkommunar og i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Felles planar for Sunnhordland vert som oftast handsama i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Dese kan vere juridisk bindande, men då etter vedtak i kommunen eller av overordna styresmakt. Dei kan og vere frivillige, og bind då berre kommunen i samsvar med vedtak i kvar einskild plan. Innbyggjarane i Sunnhordland nyttar felles regionale institusjonar eks sjukehus, tingrett, høgskole.

Der kommunen finn det tenleg kan ein samarbeide om planarbeidet med andre kommunar.

Bømlo, Stord og Fitjar samarbeider om mange tenester, og er del av ein felles arbeids-, bustad- og tenestemarknad. Kommunane samarbeida for å løysa kommunale tenester, der den einskilde kommune har for få fagfolk eller vanskar med rekruttering, eller der det er ulemper med nærleik mellom innbyggjarane og tenesteutøvarane.



Foto: Mone Nilsen/Fitjar kommune



FITJAR

Bømlo, Stord og Fitjar har fleire interkommunale samarbeid innan helse, oppvekst og tekniske tenester. Andre kommunar kan også vera deltagarar i samarbeida.

I ein uttale til Fitjar kommune sin planstrategi, har Stord kommune sagt m.a. følgjande (...)

- «*Stord kommune skal gå i gang med revisjon av kommuneplanen i løpet av 2019. Fitjar kommune skal etter planstrategien starta arbeidet med ny samfunnsdel til hausten i år. Sjølv om desse planane vil vera ulike, kan fleire utgreiingar og vurderingar vera tilsvarende for dei to planane. Stord kommune er difor open for eit samarbeid innan dette området»*

Stord, Bømlo og Fitjar samarbeider no om å utvikla ny samfunnsdel til kommuneplanane og vil slik påverke både utviklingsperspektiva, kompetansen og utvikling av felles strategiar.



Foto: Mette Fitjar/Larsen Eigedom AS



2.3 Grunnleggjande prinsipp

Grunnleggjande prinsipp

Grunnleggjande prinsipp betyr tema som skal vere gjennomgående innan alt virke, tversektorielt og på alle forvaltningsnivå. Desse skal med i alle planverk i kommunen og ingen planar skal vere i konflikt med dei grunnleggjande prinsippa:

- All planlegging skal vere berekraftig med omsyn på klima, natur, menneske og økonomi
- All planlegging skal gjerast med omsyn til folkehelse
- Der ein manglar kunnskap om konsekvensar skal ein nytte «føre var» prinsippet

All planlegging kan seiast å vere sektorovergripande, planlegging av kultursektor må sjåast i samanheng med oppvekst, som må sjåast i samanheng med helse, som må sjåast i samanheng med miljø og så vidare. Dette syner og at det vil vere betre å skilje ut eit par grunnleggjande tema og omtale desse som grunnleggjande prinsipp.

- **Folkehelse**

Folkehelse skal vera gjennomgående tema og eit grunnleggjande prinsipp for all planlegging i Fitjar kommune. Kommunen sin folkehelseprofil vil gje ei retning i kva for område ein vil fokusere på og vere utgangspunkt for mål i KPS.


- **Berekraftig utvikling**

Klima og miljø er omtalt i planstrategien, men ikkje som sektorovergripande tema. Berekraftig utvikling, klima- og miljø er sektorovergripande og det viktigaste grunnleggjande prinsipp av alle; ingen planlegging skal gå på akkord med klima og miljø. Dette er godt forankra i lovverket, og i tråd med nasjonale og internasjonale målsettingar og forventingar.

- **Barn og unge**

Barn og unge er framtida og ein av dei viktigaste ressursane ein har for samfunnsutvikling. Kommunen skal i hovudtema i KPS synleggjere på kva for måte barn og unge sine interesser skal ivaretakast, og korleis dei skal medverke i utviklinga av planen. Mange kommunale tenester har barn – og unge som sine brukarar. Folkehelseprofilen vil vera med å gje arbeidet ytterlegare fokus.

I tillegg må kommunalt planarbeid sjåast i samanheng med FNs berekraftmål, nasjonale og regionale føringer.



Illustrasjon frå Asker kommune

Asker kommune)



3 Planprosessen – framdrift og medverknad

Planarbeidet skal ifølge plan- og bygningslova sine reglar for utarbeiding av samfunnsdel til kommuneplanen, m.a. med planprogram varsel om planarbeid, høyring / ettersyn og kunngjeringar.

3.1 Høyring

Formannskapet sender ut planprogrammet på høyring og offentlege ettersyn med frist 20.03.19.

Planprogrammet skal bli presentert for statlege og regionale mynde, og i regionalt planforum.

3.1.1 Tilgang til planprogramdokumentet

Planprogrammet skal vere lett tilgjengeleg elektronisk og i dei sosiale medium som kommunen nyttar. Trykka versjonar blir tilgjengeleg i kundetorget på rådhuset.

Dei kommunale utvala skal gjennom løypemeldingar og / eller munnlege orienteringar, vere orienterte gjennom heile planprosessen. Formannskapet er planutval og styringsgruppe for planen.

3.2 Framdrift

Her følger ei oversikt over korleis arbeidet med kommuneplanen kjem til å utvikle seg over tid 2019/2020.

På grunn av tidsaspektet vil prosessane i planprogrammet og sjølve kommuneplanen vera noko overlappande, då det vil gjelde om lag same tema og aktørar.

3.2.1 Planprogrammet

Kommuneplanens arealdel (KPA) er frå 2012 og skal ikkje reviderast i denne prosessen utan at det viser seg at det i samfunnsdelen kjem opp nye vurderingar, sjå pkt. 1.1.2 andre avsnitt.

3.2.2 KPS

Arbeidet med KPS legg opp til ein omfattande prosess. I KPS vil retninga / hovudtema for kommunen sitt arbeid dei neste tiåra bli bestemt. Dette er viktige strategiske val som kommunen ynskjer at så store delar av Fitjar som mogleg skal bli involvert i, og kunne komme med innspel.

Framdrift

PP Planprogram for KPS

KPS Kommuneplanen sin samfunnsdel

PS Planstrategi

M Medverknadsprosess

H Høyring

* Endeleg vedtak

H2018	1.Q 2019	2.Q 2019	3.Q 2019	4.Q 2019	V2020
KPS	PP	PP*			
PP		KPS	KPS	KPS	KPS*
PS*	M	M	M		
	H			H	H



Våren 2019

Q1 Planprogram:

- Tverrsektoriell arbeidsgruppe, styringsgruppe (FS)
- Oppstart og høyring
- Aktiv medverknadsprosess i høyringsfasen: Folkemøte, politiske utval, innbyggjarpanel, barn- og unges representant.
- Samarbeid med Stord og Bømlo kommunar om planprogram/ samfunnsdelen
- Presentasjon for statlege og regionale mynde i regionalt planforum
- Vurdering av innspel

Q2 Endeleg vedtak av Planprogram i kommunestyret 24.04.19

Q2 og Q3 Oppstart arbeid med KPS:

- Arbeidsgruppe og styringsgruppe (FS)
- Oppstart
- Arbeid med overordna visjon for Fitjar
- Folkemøte
- Brei medverknadsprosess: Folke- og grendamøter, politiske utval, innbyggjarpanel, barn- og unges representant, næringsliv og sivilsamfunnet.
- Samarbeid med Stord og Bømlo kommunar om utvikling av samfunnsdelen
- Evt. eksterne utgreiingar, samarbeid med overordna mynde, HFK og Fylkesmannen i Vestland
- Utkast
- Politisk handsaming i FS november 2019.

Q4

- Høyring
- Folkemøte

Våren 2020

- Høyring held fram
- Vurdering av innspel frå høyringa
- Endeleg vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel i kommunestyret februar el april 2020.

3.2.3 Styringsgruppe for planprogrammet

Formannskapet vil fungerer som styringsgruppe for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. Etter drøfting med hovudtillitsvalde vil dei verta involvert i prosessen gjennom etablerte kvartalsvise kontaktmøte med rådmannen



3.2.4 Arbeidsgruppe for planprogrammet

Det blir satt ei tverrfagleg administrativ arbeidsgruppe med ordførar som politisk representant.

3.3 Medverknad

Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.

Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte skal sikres muligheter for medvirkning på andre måter.

Plan- og byggingsloven § 5 - 1

Alle innbyggjarar har rett til å uttale seg til alle planar som kommunen legg ut til høyring. Fitjar skal følgje dette opp og vil leggje til rette for, og ta initiativ til, aktiv medverknad og auka deltaking. Lokalsamfunnet skal verte breitt involvert som til dømes dei folkevalde, Fitjarbuen i alle aldersgrupper, kultursektor, næringsliv, styresmakter regionalt osv.

Å involvere lokalsamfunnet gjennom heile planprosessen har fleire fordelar som til dømes:

- Lokaldemokratiet blir halde i hevd
- Ulike perspektiv på samfunnsutviklinga kjem til syne.
- Eigarskap til sluttresultatet

3.3.1 Metodikk

Medverknad i kommuneplanen er dialogbasert. Å invitere innbyggjarane til medverknad i planlegging aukar idetilfang, perspektiv og engasjement, men kan lett skapa forventingar om at eigne interesser og perspektiv vert innarbeida i sluttproduktet. Ei dialogbasert planlegging betyr også at lokale og regionale styresmakter har prioriteringar og satsingar som ein vil formidla i prosessen, der det kan oppstå interessekonflikter mellom lokale ønskjer og regionale/ nasjonale krav.

Ein involverande planprosess vil synleggjera ulike interesser, og planen kan ikkje innfri alt. Å planleggja betyr også å gjera retningsval. I samfunnsplanlegginga vil like og ulike interesser verta synleggjort, bearbeida og til slutt vert det fatta vedtak i kommunestyret som folkevald organ.

Å invitere til dialog og medverknad i planlegginga vil gje planlegginga perspektiv og engasjement noko som aukar sjansen for i iverksetting av planen sitt innhald.

Det er lagt opp til at ein i planprogrammet siler ut nokre hovudtema for kommuneplanen. Medverknadsprosessane både til formelle styrande organ, folkemøter og uformelle arenaer vil skapa treffsikre hovudtema for utviklinga av samfunnet dei neste 20 åra.

- a. Workshop med kommunale tenester gjennom leiarforum (stabs- etats- og einingsleiarar)
- b. Innbyggjarpanel
- c. Dialog med nabokommunar Bømlo og Stord
- d. Formannskapet bearbeidar planprogrammet og handsamar det formelt som planmynde



e. Offentleg høyring inkludert folkemøte, og møte i regionalt planforum

Alle sektorane skal involverast og få god anledning til å komme med innspel for at planbehov skal avklarast så tidleg som mogleg.

3.3.2 KPS og medverknad

Når arbeidet med samfunnssdelen tek til våren 2019, vil kommunen gå breitt ut, som til dømes mot lag og organisasjoner, grendelag, næringsliv og så vidare. Målet er å få ein inkluderande prosess og at så mange som mogleg skal få eit eigarskap til, og nytte av, den endelege kommuneplanen.

Medverknadsprosess – tidsplan	
Planprogrammet (PP)	Dato
Presentasjon utval Eldreråd og Råd for Funksjonshemma	11.02.2019
Innbyggjarpanel	19.02.2019
Folkemøte	06.03.2019
Regionalt planforum	26.03.2019
Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS)	
Ungdomsskulen Rimbareid	Dato
Workshop Port Steingard	08.06.2019
Sentrum – Ope Hus, Rema 100, Spar	13.-15.06.2019
Møte med næringslivet	13.06.2019
Fitjarfestivalen	9.-11.08.2019
Grendamøter:	
Øvrebygda	27.08.2019
Dåfjorden	28.08.2019
Stranda / Hagebergskrinsen	29.08.2019
Innbyggjarpanel	12.09.2019
Møte med nabokommunar	Kommer

*Foto: Mone Nilsen/Fitjar kommune*



4 Framtida og retninga vi vil utvikla oss i

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal utvikla visjon, mål og hovudtema som er viktig for utvikling av både samfunnet og kommuneorganisasjonen. Planen skal gjerast operativ gjennom handlingsplanar, og aktive partnarskap som vi utviklar mellom kommune-, næringsliv-, frivillig sektor og andre offentlege organ.

Mykje skal bli tematisert og konkretisert i dei ulike handlings- og kommunedelplanane. Andre saksfelt er det ikkje behov for eit omfattande planarbeid eller egner seg ikkje som hovudtema, men kan utmerka godt vere gjenstand for **temaplanar** og **rettleiande strategiar** eller reine tiltak.

4.1 Overordna visjon

For å kunne planleggje kommunen vår si utvikling kan me ikkje dra i kva sin retning. Me må bli einige om eit felles mål, ein overordna visjon. Me må kunne svare på:

- Kven er me
- Kva er me stolt av
- Kva er våre fortrinn
- Korleis ynskjer me å stå fram om 30 – 100 år

Fitjar har i dag ikkje ein overordna visjon. Å få fram ein overordna visjon i kommuneplanens samfunnsdel, som gjer oss eit tydeleg, kollektivt mål, vil vere ei målsetting i seg sjølv framover. Det vil gjere det enklare å meisle ut hovudtema i framtida.

Basert på Fitjar sin historie, fortrinn som samfunn, sentrale næringar, livskvalitet og framtidsretta satsingar kan ein aktuell visjon for dei neste 20 åra vera:





4.2 Hovudtema

Hovudtema er dei viktigaste plantema som kommunen skal prioritere i kommuneplanperioden. Prioritere impliserer òg å velje bort tema. Å velje hovudtema under handsaming av planprogrammet betyr ikkje at det er umogleg å endre, leggje til eller ta bort, seinare, i samfunnssdelen. Å drøfte og vere tydelege på nokre tema no, vil likevel gjere arbeidet meir føreseieleg frå starten av. Slik at vi er nokon lunde treffsikre i vårt utgreiingsarbeid,-og nyttar ressursane nært det som kan realiserast.

Basert på føresetnadene i kapittel 3, gjeldande planstrategi og dei grunnleggjande prinsippa er følgjande hovudtema lagt fram (ikkje rangert):

Hovudtema for Kommuneplan sin samfunnssdel for Fitjar 2020 – 2040, kan vera :

- Fitjar i berekraftig vekst
- Bulyst
- Levande sentrum
- Den grøne kommunen
- Smarte og kompetente kommunale tenester
- Mangfald og inkludering
- Sterke saman

4.3 Innhold i dei enkelte hovudtema

Mykje av tema vil overlappe kvarandre. Dette er ikkje gjensidig ekskluderande, eller rangerte tema, men for å få tydelege mål, er det bra med ei viss sortering. Dette vil òg endre seg i løpet av høyringsprosessen.

Val av hovudtema er med på å bestemme kva kommunen skal bli god på og prioritere å få meir kunnskap og kompetanse på.

I perioden 2020-2040 står Fitjar overfor nokre fundamentale endringar:

- Internasjonale pliktar
 - Lågutsleppssamfunn
 - Parisavtalen
- Utfordringar med eldrebølgja
 - Aldersgruppa 67 år og eldre, vil meir enn dobla seg på ti år
 - Rekruttering
 - Arbeidsmetodar i tenestene
 - Digitalisering
 - Prioritering innan kommuneøkonomi
- Folkehelse og livsstilssjukdomar uavhengig av alder
- Eventuell realisering av Hordfast
 - Regionale integrasjonen rundt Bergen
 - Konsekvensar for bu- og arbeidsmarknaden



Infrastruktur- kvar og korleis vi ferdast – er grunnleggjande i vår planlegging. Infrastrukturen bind samfunn og folk saman, og utbyggingsmønster og mobilitet vil prega dei fleste av tema i kommuneplanen. «Det meste er nært» er eit av fortinna i små samfunn og i Fitjar med sitt i konsentrerte busettingsmønster. Det gjev mogelegheiter i samspelet mellom folk, tilgang til det grunnleggjande av privat- og offentleg tenesteyting, grønare mobilitet og betre folkehelse.

Vi skal utvikla kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og ikkje rullere arealdelen (KPA) no. Men vi vil i KPS avleia vesentlege arealkonsekvensar av dei ulike hovudtema i planen.

4.3.1 Hovudtema for Fitjar kommune sin KPS vil innehalde:

- **Fitjar i berekraftig vekst**

Næringsutvikling i Fitjar bør byggja på kommunen sine etablerte næringer, og sikra knoppskyting eller verdikjedetenking ut av desse: landbruk, havbruk, vindkraft og anna fornybar energi, miljøsatsingar, skipsindustri og entreprenørar i bygg og anlegg, kultur-, opplevingar- og kystbasert reiseliv, kompetansemiljø, handel- og servicenæringer. Kommuneplanen sin samfunnsdel må identifisera nye, gjerne sjønære, næringsareal. «Den nære øyriket» må gjerast meir tilgjengeleg gjennom transportmøglegheiter.

- **Bulyst**

Kommuneplanen sin arealdel definerer hovudtrekka i busettingsmønsteret. Kommunen har eitt tyngdepunkt i busettinga – Fitjar sentrum med omliggjande bustadfelt. Det er bygder: Øvrebygda og Dåfjorden med respektive spreidd bustadbygging og bustadfelt. Det er også spreidd busetting i bygdene Stranda og Osterneset på austsida av Fitjar. Ein må gjere ei kartlegging av behov og kapasitet for bustadutbygging i kommunen for dei neste tiåra. Ein integrasjon rundt Bergen med Hordfast kan utløysa nye utbyggingsbehov.

Kommunen har eit stort hyttefelt; Kråko, der utbyggjarane ønskjer å utvikla dette til ein destinasjon.

Korleis skape-meir liv i bygdene? Korleis skape attraktive bygder? Identifisere kva som er bukvalitetar, og korleis samspelet mellom kommunesenteret og bygdene kan styrkast. Betre kollektivtilbod, gang- og sykkelvegar, og sambruk av offentlege bygg er element i dette.



Foto: Lillian Nesse Vea



- **Levande sentrum**

Eit attraktivt sentrum er ei drivkraft for busetting, aktivitet og attraktivitet. Vi vil utvikla Fitjar sentrum og ha fokus på lokal handel- og servicetilbod, unike etableringar, tilbod til innbyggjarar, og turistar. Det er viktig å utvikla potensialet Fitjar kan tilby hyttefolk med natur, kultur- og opplevingar, lokal handel og nettverk. Eit livskraftig kommunesenter føreset eit mangfald av offentlege tenester.

Tettstadutvikling handlar om fysiske forhold som:

- Bustadbygging og fortetting, miljøgate og «byrom», attraktiv sjøside, arkitektur og inspirasjon frå lokal byggeskikk. Universell utforming.
- I Fitjar må ein særskilt vurdere utvikling av sentrumsnære bustadar for eldre, og kanskje nye bukonsept.
- Infrastruktur som bind tettstaden og bygdene saman, både for mjuke trafikantar og bilistar, grøn mobilitet.

Tettstaden handlar også om mangfald i private og offentlege tenester og tilgang til desse, å skapa levande sentrum med sosiale møteplassar, blanding av handel- og servicenæringer og bustadar som skapar liv på kveldstid, tilrettelegging for kultur- og opplevingar osv.

Kommunen vil gjennomføra ny reguleringsplan for Fitjar sentrum.



Foto: Mone Nilsen/Fitjar kommune



- **Den grøne kommunen**

Namnet Fitjar er fleirtal av det norrøne *fit*, som tyder ‘frodig eng attmed vatn’ (Norsk stadnamnleksikon, 1997). Fitjar har :

- Noko av den beste landbruksjorda i Hordaland, og eit aktivt landbruk,



Foto: Kjetil Rydland

- Eit nasjonalt verdfult kyst- og kulturlandskap med Fitjarøyene,
- Nyskapande naturbasert energiforsyning gjennom vindparken i Midtfjellet,
- Sunnhordland interkommunale miljøverk si satsing på sirkulærøkonomi,
- Viktige marine naturtypar som gytefelt for torsk, større kamskjelførekomstar, tareskog, blautbotnområde og sterke tidevasstraumar
- Fiskeri og havbruk med lokalt- og regionalt eigmeld oppdrettsanlegg med utviklingskonsesjonar
- Fitjar kommune vedtok i budsjettet for 2019-2022 «Fitjar- den grøne kommunen» med kommunale satsingar på miljø- og berekraft.

Fitjarøyane er unike i landssamanhang og utgjer ein ressurs for kommunen. Fitjarøyane har regional og nasjonal verdi grunna kulturlandskapet med mange kystgardar og område med utrydningstrua kystlynghei. Fitjar kommune har teke på seg eit særskilt forvaltningsansvar med å ta vare på verneverdiane for kommande generasjonar. Fitjarøyane er eit eldorado for mangfaldig friluftsliv.

Vi vil nytta våre fortrinn til å skapa meir berekraftig utvikling.



FITJAR

- **Smarte og kompetente kommunale tenester**

Fitjar kommune har starta arbeidet med fornying av våre tenester. Vi skal nyttå vårt fortrinn som liten kommune med «Liten og kjapp» med høg tilpassingsdugleik for å møta endringane i befolkninga dei neste 20 åra. Vi vil uavhengig av sektor og målgruppe:

- Ha eit innbyggjar- og brukarperspektiv med vekt på folk sine ressursar.
- «Kvalitet, verknadsfullt og nyskapande» skal kjenneteikna kommunen sine tenester
- Folkehelse, førebygging og samarbeid skal prege våre prioriteringar. Kommunen sin folkehelseprofil vil vere eit viktig dokument i kva for satsingsområde ein skal fokusere på, og kva for tiltak som vil vere aktuelle.
- Byggja partnerskap i arbeidet med samfunnsutvikling:



Foto: Mone Nilsen/Fitjar kommune



- **Mangfald og inkludering**

Kva er det som skapar livskvalitet for både enkeltmenneske og samfunn? Fitjar har eit fortrinn i frivillig sektor som er inkluderande og driftig . Frivilligstrategi vert eit viktig hovudtema og element i dette er:

- Delta i det frivillige kultur- og organisasjonslivet
- Opplev unikt friluftsliv og Fitjarøyane,
- Opplev kulturminne som fortel om røter og formidlar historie og kulturarv,
- Utvikle kulturentreprenørar som realiserer draumar lokalt,
- Utvikle frivilligstrategi i samarbeid mellom næringsliv, sivilsamfunn og kommune.
- Vera aktive i kyrkje og trussamfunn.
- Idrett for deltaking, folkehelse og talent.
- Eit ope samfunn for innflytting og innvandring.

Vi vil styrke kulturelt mangfald, vidareutvikla eit inkluderande samfunn og systematisere arbeidet for eit større samfunnsengasjement og at fleire vil delta i styra i lag- og organisasjonar.

Sosial ulikskap er eit sentralt tema i mangfald og inkludering. Alle skal kunne nytte seg av Fitjarsamfunnet, uansett kor ein kjem ifrå. Kva er nært og tilgjengeleg? Korleis skal ein byggje ned barrierar for sosialt ulikskap i arbeidsliv, bustadsmogleheter og fritid.



Foto: Bente Bjelland

- **Sterke saman**

Kommuneplanen sin samfunnsdel vert utvikla i eit samarbeid mellom Fitjar, Bømlo og Stord. Dette er den mest integrerte bu- og arbeidsmarknaden i Sunnhordland. Saman ønskjer vi fremja arbeidsmetodar og strategiar for vidare utvikling av Sunnhordland innan sentrale tema som næringsutvikling, infrastruktur, klima- og miljø og attraktivt regionsenter og tettstadar. Det er eit ønskje at Bømlo, Stord og Fitjar skriva eit felles kapittel om dette i våre kommuneplanar.



Foto: Kråko Utvikling AS



5. Plan- og utgreiingsbehov

5.1 Vurdering i gjeldande planstrategi

Det er i gjeldande planstrategi 2016- 2019 lista opp kva planoppgåver som vil verte prioriterte i perioden. Dette er ikkje ei uttømmande liste og er ope for endringar ut i frå nye lovar, forskrifter, og så vidare. Denne ligg til grunn for ny kommuneplan, kor eventuelle nye planbehov skal gjerast greie for.

Frå planstrategi

R= Rullering O= Oppstart H= Høyring F= Ferdig A= Handsaming

T= Tilfredsstillande Ingen markering – ingen planaktivitet

Oppdatert informasjon etter vedtatt planstrategi. Arbeidet ligg lengre fram i tid

Plan	Status	2016		2017		2018		2019	
		Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
Kommuneplanen									
Kommuneplan – arealdel								R	
Kommuneplan – samfunnssdel							O		
Kommuneplan – Selevik krins									
Kommuneplanel – sentrum nord				O			F		
Kommuneplanel Fitjarøyene						O		H	
Kommuneplanel Strando krins									
Kommuneplanel Strandsoneline						F			
Forvaltningsplan for vassregionen Hordaland (2016 – 2021)	T							R	
Klima og energiplan									
Utsleppsplanar / regelverk for private utslepp	T								
Landbruksplan 2017 – 2025	T								
Forvaltningsplan for Hjort	T			H + A	F				
Hovudplan for avløp						O		F	
Hovudplan for vassforsyning						O			
Hovudplan for kommunale vegar									
Vedlikehaldsplan for kommunale bygg						O		F	
Plan for atomberedsskap Fitjar kommune (V-2009)	T								
Overordna beredsskapsplan (V-2014,O-2017)	T								
Kommunedelplan for Kulturminne (2015 – 2025)								F	
Kommuneplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv (2014 – 2024)								R + F	
Kulturminneplan (2015 – 2025)									
Trafikksikringsplan (2014 – 2022)	T								
Strategisk næringsplan (2014 – 2018)	T								
Plan for sosiale tenester i kommunen									
Plan for sosiale tenester i kommunen (NAV)									



	Status	2016		2017		2018		2019	
		Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
Plan									
Bustadsosial handlingsplan (2011 – 2015)	T			F					
Ruspolitisk handlingsplan (2016 – 2020)	T	F							
Vedtekter for alkoholomsetnaden i Fitjar kommune (2016 – 2020)	T	F							
Plan for helsemessig og sosial beredskap i Fitjar kommune (2006 – 2020):						O			H
ROS – analyse									
Smittevernplan						O	F		
Plan for vald i nære relasjoner						O	F		
Plan for psykososiale tiltak ved kriser, ulukker og katastrofar	T			F					
Omsorgsplan 2012 – 2020:									
Plan for organisering av helseetatane	T								
Plan for samordning av pleie- og omsorgstenester						O	F		
Habiliterings- og rehabiliteringsplan for Fitjar kommune 2005 – 2008						O	F		
Plan for fremjing av folkehelse									
Utviklingsplan for Fitjar kulturskule						O	F		
Skulebruksplan 2019-2023						O	F		
Plan for den kulturelle skulesekken									
Barnehageplan Fitjar kommune 2017 - 2020		O	F						
Plan for spesialpedagogisk sakshandsaming						O	F		
Overgangsplan barnehage – skule		O	F						

6 Vedlegg

Denne oversikten syner nokre sentrale planar og dokument som legg føringar for planarbeidet til kommunen. I tillegg kjem det internasjonale avtalar og konvensjonar som Noreg har sluttar seg til, og som får konsekvensar på lokalt nivå, til dømes EØS – avtalen og Paris – avtalen.

6.1 Lenker

6.1.1 Fitjar kommune

<http://www.fitjar.kommune.no/planar-og-foresegner/>

6.1.2 Fylkeskommune Vestland

<https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regionale-planar---oversikt/>

6.1.3 Regjeringa

www.regjeringen.no

6.1.4 Asker kommune

https://www.asker.kommune.no/globalassets/nye-asker-kommune/dokumenter/barekraftsmal/2018_07_04-rapport_nye_asker_fn_barekraftmal-kortversjon2.pdf

6.1.5 Andre lenker

<https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>

6.2 Fitjar kommune – sentrale planar

- Kommuneplanen sin arealdel 2011 - 2022
- Budsjett 2019 – økonomiplan 2019 – 2022
- Omsorgsplan 2014 – 2020
- Skulebruksplan 2019 – 2023
- Barnehageplan 2017 – 2020
- Planstrategi for Fitjar kommune 2016 - 2019
- Strategisk næringsplan 2014 – 2018
- Trafikksikringsplan for Fitjar kommune 2014 – 2022
- Kulturminneplan 2015 – 2025
- Plan for mottak og integrering av flyktningar
- Beredskapsplan - årleg rullering, sist 2018.
- VA plan, oppstart utarbeiding 2018

6.3 Referat medverknadsprosess

- Referat frå innbyggjarpanel 19.februar 2019
- Referat frå folkemøtet 6.mars 2019

6.4 Regionale planar

- Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel
- Regional plan for folkehelse 2014 – 2025 – fleire gode leveår for alle
- Regional kulturplan 201 – 2015 – Premiss: Kultur
- Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029



- Regional næringsplan
- Regional plan for klima og energi
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016 – 2021
- Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bofile og transpersonar
- Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030
- Regional plan for kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger
- Handlingsplan for trafikksikring for Hordaland 2014 – 2017
- Regional planstrategi for Hordaland 2012 - 2016

6.4 Andre dokument

«Medvirkning i planlegging - Hvordan legge til rette for økt deltagelse og innflytelse i kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven» - vegleiar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet

«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» - vegleiar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet, , juni 2015

«Samfunnsvirkninger av boligpolitikk Boligsatsinger og samfunnsutvikling i ti norske distriktskommuner». Sørvoll og Løset. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring NOVA Rapport 3/2017

«Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging – grunnlag for innsigelse», vegleiar nr 2 - 2017. Norges vassdrags- og energidirektorat

«Ungdom og medvirkning i planlegging og lokalt utviklingsarbeid - Å slippe til og bli sluppet løs er to sider av samme sak». Sletterød, Carlson, Kleiven og Sivertsen. Trøndelag Forskning og Utvikling, 2014.

«Kunnskapsstatus om medvirkning og mobilisering – Utviklingsrelevante bidrag i perioden 1999 – 2009». Lønning og Teigen. Nordlandsforskning, Høgskulen i Lillehammer, 2009.

«Samfunnsutviklingskapasitet i småkommuner – en studie av 41 småkommuner». Cruickshank, Vasstrøm, Sand m.fl. Trøndelag Forskning og Utvikling og Agderforskning, 2014.